



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Vi nyttar bygda sin bank
LEIKANGER SPAREBANK
Bankgiro 3781.07.30251

ÅRSMELDING FOR LEIKANGER JAKT OG FISKELAG 1986

AKTIVITETAR

Det har vore 7 styremøte og 2 medlemskveldar i arbeidsåret.

Laget har i 1986 fått fleire nye medlemmar, og vi er no 74. Sjølv om vi ikkje har fått gjennomført alle dei planane vi hadde, kan medlemsauken truleg tilskrivast den noko auka aktivitet i laget.

Av større ting vi har arbeidd med i 1986, vil vi nemne:

Den nye leirduekastaren vi har kjøpt inn, har vore den største einskildinvesteringa i laget si historie (10 000 kr). Dette har ført til at det er kome i gang organisert aktivitet på leirduebana på Kleppa. Det er halde klubbmeisterskap der Kurt Langeteig og Svein Inge Moum tok dei gjevaste plassane på lista. I alt stillte det opp 17 deltagarar i meisterskapet. Etter konkurransen var det medlemskveld på Elvegard. I 1987 vil denne utvida aktiviteten verte fulgt opp med klubbmeisterskap, cupkonkurranse mellom Leikanger, Sogndal, Årdal og Luster, og open konkurranse i trap-skyting, truleg den 30. august.

Den årlege fiskekonkurranse på Fjærlandsete vart halde i august i særslig år. Av resultata kan vi nemne at Sverre Fjøsne fekk den største fisken (0,5 kg), medan Nils Henjum tok prisen for mest fisk (25 stk). Ivar Ness vann pokal for største fisk teken på flugestang.

Revepokalen for 1986 går til Per Røysum for 3 rev, minkpokalen går til Sigurd Gjøringbø for 10 mink. Pokalane vert delte ut på årsmøtet saman med pokalane for 1985.

6 av medlemmane har gjennomført instruktørkurs for jegerprøva og er snart klare som instruktørar. Dette vil styrke det tilbodet laget kan gje til unge som er interessert i jakt.

2 av styremedlemmene var på NJFF-kurs om ungdomsarbeid i Bergen. Vi trur det er viktig at lagsarbeidet kan motiverast gjennom deltaking i slike kurs. Vi vil difor fortsetje å sende folk på kurs dersom vi får høvelege tilbod.

Heile 39 stykk møtte fram til temakveld om viltfremjande tiltak som vart halde i januar. Dette seier vi oss særslig nøgde med og vonar at vi også i 1987 kan få fram interessante tema.

Gjennom kontakt med kommunen har vi fått stadfesta avtalen om bruk av Trastadalshytta for medlemmar av laget.

Som det går fram av rekneskapen, har det vore uvanleg stor omsetjing i kapitalen i laget. Vi har fått ein særslig god sponsoravtale med Leikanger Sparebank. Avtalen gjeld for tre år og gjev verdfulle tilskot til lagskassa. Økonomien er likevel ikkje den aller beste, men vi har om noko betring i 1987.

STYRET FOR LAGET HAR I 1986 VORE:

Formann	Sven Erik Vestby
Nestformann	Bjørn Fjøsne
Kasserar	Per Hauge
Sekretær	Aasmund Aasen
Styremedlem	Bjarne Njøs
Varamann	Bjørn Hagen
Jaktutval	Kurt Langeteig (f.m), Svein Inge Lundheim, Kolbjørn Nord
Fiskeutval	Leif Frekaland (vara)
	Svein Inge Moum (f.m), Agnar Gåserud, Geir Ove Røysum, Knut Haukeland (vara)

UTDRAG AV REKNESKAPEN

Aktiva pr. 31.12.1986

Kasse	kr. 66.0
Bank	kr. 3177.45
<u>Postgiro</u>	<u>kr. 1180.0</u>
<u>Sum</u>	<u>kr. 4423.45</u>

<u>Post</u>	<u>Utgåande</u>	<u>Inntekter</u>
Medlemskonto	-	1500.-
Leirduebana	25280.0	16134.10
Diverse utg/innt	2062.50	4667.0
Instruktørutg.	1583.0	568.0
Flugekastarkurs	439.90	500.0



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Vi nyttar bygda sin bank
LEIKANGER SPAREBANK
Bankgiro 3781.07.30251

STYRET I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

1986

FORMANN
NESTFORMANN
KASSERAR
SEKRETÆR
STYREMEDLEM
VARAMANN
FORMANN I JAKTUTVALET

FORMANN I FISKEUTVALET

VARAMANN
VALNEMND

REVISORER

Tek gjenvalet B SVEN ERIK VESTBY
Tek gjenvalet B BJØRN FJØSNE

Jakob Størva A PER HAUGE
Tek gjenvalet B AA. AASEN

Tek gjenvalet A BJARNE NJØS
Tek gjenvalet B BJØRN HAGEN

Tek gjenvalet A KURT LANGETEIG
Tek gjenvalet A SVEIN INGE LUNDHEIM

Tek gjenvalet B KOLBJØRN NORD

Tek gjenvalet B LEIF FREKALAND

Tek gjenvalet A SVEIN INGE MOUM

Tek gjenvalet B AGNAR GÅSERUD

Tek gjenvalet A GEIR OVE RØYSUM

Tek gjenvalet B KNUT HAUKELAND

Tek gjenvalet A ARTHUR RØYSUM

Tek gjenvalet B KJELL OPTUN

Tek gjenvalet A JON SKÅRHAUG

Tek gjenvalet A SVERRE FOSSEN

Tek gjenvalet A INGE YTTRI

B: PÅ VAL

A: IKKJE PÅ VAL